

Tur langs den gamle rekkjingsvegen

Etter at du har køyrt 800 m frå skiltinga inn mot Barskrind finn du eit oppslag som indikerer starten på turen langs rekkjingsvegen. Du passerer småbruket Petterhaugen etter nokre hundre meter og følgjer stigen vidare oppover i bygda. Her er den største stigninga på turen.

Etter kvart kjem du til flatare og noko myrlendt terreng, og du passerer Tvile-singi (betyr timralunning). Den neste myra du skal over er Klopparmyri (vått).

Fortsett på stigen over Helsethaugen før du kryssar bilvegen ved Melset. Fortsett så på stigen over Huldrahaugen. Du kjem etterkvart inn på ein traktorveg som endar opp ved Raudset som er endestasjon for denne turen. I løpet av turen må du også krysse to bekkar.

Turen er merka, men det er viktig å fylgje merking heile vegen då stigen fleire gonger deler seg og ein må over myrlendte områder. Turen er ein flott skogs-



Foto: Ål Turistinformasjon



Køyr Rv. 7 til Torpo. Ved kyrkja følgjer du skilting mot Oppheim. Følg vegen oppover Opheim, og ta til høgre ved skilt mot Barskrind. (Betalingsbom).



Parker nede ved vegen som fører opp til Petterhaugen. Skilt ved starten på stigen.



Tur gjennom bygda og i skogsterreng. Merka stig der det er viktig å fylgje merkinga nøye. Turen kan vera noko våt enkelte stader, så hugs gode sko.)



Klopparmyri vart nytta til torvuttak. Kvar gard hadde sitt stykke, og ein kan framleis sjå rester etter turkehusa. Stigen kryssar og ei djup grøft som vart greve for å drenera myra.



Turen er ca 5 km ein veg og går frå 497 – 907 moh og tek om lag 1,5 – 2 t.



For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet 1:50.000

tur så ta gjerne med korg eller bøtte for å plukke bær og sopp om hausten.

Hellinggardane og Barskrindgardane hadde sine heimstølar på Rauset. Vegen dit hadde om sumaren namnet rekkjingsvegen (bufarvegen) til Rauset, og om vinteren vettrevegen (vintervegen) til Rauset. Den vart sommarstid brukt til flytting av dyra mellom bygda

og stølen, som kløvveg og rideveg, og om vinteren til køyring av torv, ved og tømmer.

Du kan forlengje turen ved å fortsette den gamle driftevegen frå Raudset til Breiset, og turen kan sjølvst og gåast andre vegen.

